



Alver kommune v/Landbruk
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 21/9999 - 21/84073

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik

bente.kopperdal.hervik@alver.kommune.no

Dato:

05.01.2021

Landbrukssak GBNR 143/1 Håland - bygging av skogsveg - uttale kultur

Viser til førespurnad om å koma med uttale til søknad om bygging av skogsveg på gbnr143/1 Håland. Delar av traseen går gjennom omsynssone for den indre farleia H570_1 og delar av traseen går gjenno omsynssone for friluftsliv H530_3

I føresegnene omsynssone H530 i kommuneplanen står det at: «Sona omfattar område som har særleg verdi for friluftsliv. I desse områda skal landskaps- og friluftssinteressene prioriterast og vektleggjast tungt ved planlegging, handsaming av søknadar og gjennomføring av tiltak i områda. Innanfor sonene vert det ikkje tillate tiltak som kan hindre tilgang til og bruk av området til friluftsliv, eller redusere eksisterande tilstand, kvalitet og opplevingsverdi på anna vis.»

Den aktuelle skogsvegen startar i den kommunale vegen og går bak driftsbygningen og vidare i retning nord og aust til den treff den omsøkte og godkjende skogsvegen ved Årdalen. Med ein samanhengade skogsveg heilt frå Håland til avkøyringa til Åse ved fv57 har dette området stort potensiale for å verta endå meir nytta i friluftlivssamanheng. For ålmenta er det positivt at vegen er lagt utanom gardstunet. Det er viktig at vegen ikkje vert sperra med bom eller likande som hindrar rullestolar og barnevogner å passera.

Føresegnene for H570 den indre farleia peikar på ein del omsyn ein skal ta. Me kan ikkje sjå at det planlagde tiltaket får særlege negative konsekvensar for omsynssona den indre farleia. Me kan heller ikkje sjå at det plagde tiltaket kjem i direkte konflikt med nyare tids kulturminne. Det er likevel viktig å ta omsyn til kulturlandskapsverdiane i området når det utforming av skogsvegen og mellom anna unngå høge skjæringar.

Med helsing
Alver kommune, Kultur

Bente Kopperdal Hervik
rådgjever

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune v/Landbruk

Postboks 4

5906

FREKHAUG